



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:
200905518-3/340/MAGBJE

Bergen, 08. juli 2009

Høyring - utkast til statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane

Vi viser til dykker brev av 20. mai 2009 med invitasjon til å kommentere ”utkast til statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene”.

Statleg planretningslinje på klima- og energiområdet er eit godt grep for å rettleie og samle den lokale og regionale innsatsen om felles klimautfordringar. Teksten i sjølve planretningslinja og dei tilhøyrande kommentarane er godt og konsist skrive, men her er likevel manglar som vi ønskjer å kommentere:

- 1) **Angi minimumsmål for reduksjon i kommunale klimagassutslepp.** Under punkt 4. om kva planen skal innehalde, står det under punkt d) at den skal ha ”*Ambisiøse mål for utsleppsreduksjoner i forhold til framskrivningene*”. Her bør dei gjeldande nasjonale måla stå, etterfølgd av eit absolutt minstemål for utsleppsreduksjon som må gjelde for alle kommunar (og fylkeskommunar) fram mot t.d. 2020 (i høve 1991). Så kan ein heller oppmøde kommunane til å setje seg endå høgare mål og byggje opp gode støtteordningar for dei mest ambisiøse kommunane. Kva tiltak og virkemidlar kommunane (og fylkeskommunane) vil nytte for å oppnå måla bør derimot bestemmast lokalt/regionalt. Ved å fastsette minstemål for utsleppsreduksjon vil ein understreke alvoret i situasjonen, og ein vil også tydeleggjere lokale og regionale bidrag i den nasjonale(/globale) samanhengen.
- 2) **Inkluder tilpassing til klimaendringar.** I kommentarane til planretningslinja står følgjande under pkt. 3 ”*....Gitt de klimautfordringene verden står overfor, jfr. pkt. 1, er det viktig å fremme lokal og regional handling på området for klima og miljøvennlig energiomlegging*”. Klimautfordringane verda står overfor er også eit argument for å gjere tiltak for å førebu seg på konsekvensane av klimaendringane, slik regjeringa sjølv, EU, FNs klimapanel med fleire har påpeikt. Vi vil i denne samanhengen særleg vise til arbeidet med NoU klimatilpassing og rapporten ”Klima i Norge 2100”, som blei lansert på eit møte i regi av klimatilpassingsutvalet torsdag 25. juni 2009.

Å setje søkelys på klimatilpassing kan dessutan bidra til å auke forståinga av behovet for utsleppsreduksjonar og såleis bidra til å skape ei forståing av heilskapen og samanhengane i klimaproblematikken. I Hordaland har vi fleire kommunar som har inkludert klimatilpassing i sine kommunedelplanar, med Bergen i spissen. Også i vårt eige arbeid med å utvikle ein fylkesdelplan om klima, står klimatilpassing sentralt. Andre fylkeskommunar og tilhøyrande kommunar arbeider også med å utvikle strategiar for klimatilpassing som ein integrert del av sin klimaplanlegging. Klimatilpassing er allereie på veg inn i kommunale og fylkeskommunale planar, og dei statlege planretningslinjene risikerer å bli utdatert med ein

gong dersom dei ikkje omfattar også dette temaet. I tilfellet klimatilpassing held det ikkje med vage formuleringar som i setninga (pkt. 4, andre avsnitt): "Kommunen skal vurdere om klima- og energiplanleggingen skal inkludere andre elementer enn dem som fremgår av bokstavene a)-g)". Her må ein vere tydeleg på kva som forventast, t.d. minimumsbyggegrense over havet, krav til vurdering av alternativ, m.m.

- 3) **Sterkare tilknyting til planlova.** Alle pålegg må knytast direkte til heimel i plan- og bygningslova slik at dei vert eintydige nok. Til dømes skal kommunedelplanar for samfunnsutvikling ha handlingsprogram med økonomidel og reviderast årleg – dette er noko anna enn planstrategi. Ein må rette seg etter prosessreglar og innhaldskrav som fylgjer av lova (involvering). Det er nok med tilvisning til minstekrava i lova og leggje til eventuelle tilleggskrav.
- 4) **Utdjuping av fylkeskommunens rolle.** Klimaproblematikken heng saman lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt/globalt, og det trengst ambisiøse mål (for utsleppsreduksjon). I denne samanhengen er det viktig med ein koordinert innsats, og vi vil gjerne utfordre Miljøverndepartementet til å vurdere om fylkeskommunane bør ha ei utvida rolle overfor kommunane i klimaplansamanheng, til dømes når det gjeld følgjande forhold:
 - a. I regionreforma får fylkeskommunane eit særleg ansvar for klima – kvifor er det då fylkesmannen som skal fremja motsegn på vegne av denne statlege planretningslinja? Her har fylkeskommunen både eit planfagleg og eit tematisk motsegnsgrunnlag. Faglege interesser og motsegnsgrunnlag heng saman.
 - b. Rettleiing. Fylkeskommunen har både eit særleg ansvar for klima og for rettleiing i planlegging. Det bør vurderast om delar av verksemda til ENOVA kan utøvast i fylkeskommunen, så som tilskot til planlegging, rettleiing i klimaplanlegging, m.m. Slik det er no opererer ENOVA gjennom innleigde konsulentar i heile landet. Dette er ueheldig, og det bør byggjast opp eit regionalt apparat for dette og samordnast med anna rettleiing mot kommunane.

Til slutt vil vi rose Miljøverndepartementet for dette viktige og riktige initiativet for å fastsetje ein overordna rettleiar for kommunal (og regional) klima- og energiplanlegging. Vi ser fram til å lese og følgje den endelege versjonen, gjerne med noko meir nøytrale formuleringar som gjeld for begge målformer.



Jan Per Styve



Gudrun Mathisen